

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Video, Fjernmøte
Dato:	13.05.2020
Tid:	09:00-1500

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Emil Gadolin	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus L. Rasmussen	Medlem	A
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
Sonja Øvre-Flo	Medlem	H
Jeanette Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF
Sigurd E. Reksnes	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rosalind Fosse	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunnar Bakke	Rosalind Fosse	FrP

Merknader: Det var 14 medlemmer tilstades i sak PS 23/20. Emil Gadolin hadde fravær i tida 12:35-12:50.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Bård Sandal	Fylkesdirektør for næring og innovasjon
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar næring og innovasjon
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 10/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 11/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 20.04.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 12/20	Status - Kompetanse for kvalitet	2020/42867	
RS 13/20	Løypemelding for arbeidet med innføring av nytt skuleadministrasjonssystem Visma InSchool (VIS)	2020/41557	
RS 14/20	Kartlegging av open-skule-prinsippet ved dei vidaregåande skulane	2020/42867	
RS 15/20	Grunngeven tolking av reglement	2020/43381	
	Skriftlege spørsmål		
SI 9/20	Spørsmål frå Syversen - R - Rettleiingstenesta	2020/38206	
SI 10/20	Spørsmål frå Kongsvik - H - Status sommerskole	2020/38206	
	Politiske saker		
PS 19/20	Prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/35844	
PS 20/20	Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune	2020/12	
PS 21/20	Organisering av fagskulane	2020/36638	
PS 22/20	Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid	2020/45548	
PS 23/20	Plaststrategi for Vestland fylkeskommune	2020/47165	
PS 24/20	Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke	2020/41440	
PS 25/20	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - mandat og oppstart av planarbeid	2020/47906	
PS 26/20	Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer	2020/44342	
PS 27/20	Eventuell omprioritering av budsjetttramma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21.	2020/43381	

Godkjenningssaker

GK 10/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Representanten Alexander Fosse Andersen, SP, hadde ønske om at ved skriftlege spørsmål til møtet, måtte spørsmålet framgå av innkallinga/sakslista.

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

Orienteringar:

- Regional kompetansepolitikk og organisering av det tverrfaglege arbeidet i Vestland v/fylkesdirektør Bård Sandal og seksjonsleiar Kathrin Jakobsen.
- Om eksamen våren 2020 v/fylkesdirektør Bjørn Lyngedal.
- Orientering om gjennomføring av fagprøver v/assisterande fylkesdirektør Bekka Skaasheim.
- Oppfølging av lærlingar våren 2020 v/assiterande fylkesdirektør Bekka Skaasheim.
- Orientering frå representasjonsmøta i Vigo IKS og NDLA v/utvalsleiar Karianne Torvanger.

Sigurd Reksnes, SP, stilte eit munnleg spørsmål angående Klokkargården skole. Spørsmålet vart svara ut munnleg av administrasjonen i møtet.

GK 11/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 20.04.2020

Møtebok frå møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 20.04.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Vedtak

Møteboka frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 20.04.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 12/20 Status - Kompetanse for kvalitet

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 12/20 vart referert.

RS 13/20 Løypemelding for arbeidet med innføring av nytt skuleadministrasjonssystem Visma InSchool (VIS)

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 13/20 vart referert.

RS 14/20 Kartlegging av open-skule-prinsippet ved dei vidaregåande skulane

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 14/20 vart referert.

RS 15/20 Grunngeven tolking av reglement

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 15/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 9/20 Spørsmål frå Syversen - R - Rettleiingstenesta

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Svar på spørsmål frå representanten Syversen (R) til oppko 13. mai

Viser til spørsmål frå representanten Jeanette Onarheim Syversen til fylkesdirektør opplæring og kompetanse.

Etter eit kommunestyremøte i Fjaler blei det i Mars gjort offentleg kjent at ein lærling i Sogn og Fjordane energi, ikkje ville få jobb som følgje av sitt samfunnsengasjement. Seinast omtalt i innlegg i Fjordenes Tidende. Om dette får legge lista for kva som er ok framferd ifrå lærebedrifter i fylket vårt, så er det grunn til bekymring for ungdom sitt rettmessige demokratiske samfunnsengasjement i framtida, kombinert med utsiktar til lærekontrakt. I lys av koronakrisa, er det heilt naudsynt at fylkeskommunen ser til at lærlingar får gjennomført fagbrev, og at dei blir følgt opp i bedrift og helst kjem ut i jobb etter end læretid. Ein må kunne forvente at ein offentleg eigd bedrift som Sogn og Fjordane energi, er gjort godt kjent med lærlingar sine rettar og pliktar, og er fullt i stand til å sikre tilsetting av lærlingar som kan bidra med naudsynt kompetanse. Samfunnsengasjement er noko vi som fylkeskommune, må applaudere og verne om, det er etter Raudt sitt syn uakseptabelt at ein lærebedrift skremmer unge lærlingar ifrå å ta sin rettvise del i demokratiet, som vi no ser i dette dømet. Raudt Vestland meiner leiinga i SFE ikkje har handtert denne saka tilfredsstillande, og det må på plass ein tydeleg instruks ifrå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen for å førebyggje at det oppstår liknande tilfelle i denne eller andre bedrifter i framtida. Med dette som bakteppe stiller Raudt Vestland følgjande spørsmål:

- Har fylkesdirektøren gjort seg kjent med saka, og har fylkesdirektør tatt initiativ til å sikre at denne saka blir spesifikt følgt opp av rettleiingstenesta, i så tilfelle: kva blir/har blitt gjort?

- Vil fylkesdirektøren ta initiativ til å gje bedrifta SFE ei overordna opplæring i kva type lovverk som varetar lærlingar sine rettar, når det kjem til arbeidsliv og samfunnsengasjement?

- Har rettleiingstenesta strukturar og verktøy som sikrar at bedrifter får adekvat informasjon og instruks om lærlingar sine rettar og pliktar samt kva som er forventa av bedrifta for ivaretaking av lærlingen og respekt for denne sitt samfunnsengasjement på fritida?

- Vil rettleiingstenesta varsle arbeidstilsynet om lærlingen ikkje får fast jobb?

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

- Har fylkesdirektøren gjort seg kjent med saka, og har fylkesdirektør tatt initiativ til å sikre at denne saka blir spesifikt følgt opp av rettleiingstenesta, i så tilfelle: kva blir/har blitt gjort?

- *Fylkesdirektøren har gjort seg kjend med saka ut frå dei opplysningane som er tilgjengelege i media. Fylkeskommunen sitt ansvarsområde er primært perioden lærlingen er i vidaregåande opplæring, og ikkje det som skjer etter at lærlingen er ferdig fagarbeidar. Vestland FK ønskjer likevel lærebedrifter som er seriøse og tek pliktene sine på alvor både som arbeidsgjevar og som lærebedrift.*

- Vil fylkesdirektøren ta initiativ til å gje bedrifta SFE ei overordna opplæring i kva type lovverk som varetar lærlingar sine rettar, når det kjem til arbeidsliv og samfunnsengasjement?

- *Bedrifta har beklaga det som skjedde og vi reknar med at dei har lært av denne saka. VLFK har ansvar for lærlingane i opplæringsperioden og vi er opptekne av at lærlingane skal vere i eit godt arbeids- og læringsmiljø. Vi vil derfor ta kontakt med bedrifta for å få til eit møte, der rolla som lærebedrift blir tema. Rettleiingstenesta Nord vil følgje opp bedrifta.*

- Har rettleiingstenesta strukturar og verktøy som sikrar at bedrifter får adekvat informasjon og instruks om lærlingar sine rettar og pliktar samt kva som er forventa av bedrifta for ivaretaking av lærlingen og respekt for denne sitt samfunnsengasjement på fritida?

- *VLFK har obligatorisk opplæring av nye lærebedrifter i form av eit kort, digitalt kurs om kva som ligg i rolla som lærebedrift. Vi har også obligatorisk opplæring av dei faglege leiarane i form av kurs over ein dag, der både bedrifta og lærlingen sine rettar og plikter er tema. Vi føreset at bedrifta sjølv set seg inn i detaljane når det gjeld lov- og regelverk.*

- Vil rettleiingstenesta varsle arbeidstilsynet om lærlingen ikkje får fast jobb?

- *VLFK vil ikkje varsle arbeidstilsynet om lærlingen ikkje får fast jobb ut slik saka ser ut i dag. Lærlingen har ikkje krav på fast jobb etter fullført læretid. Det er sjølv sagt ikkje akseptabelt dersom grunngjevinga for å ikkje tilsette lærlingen fast er samfunnsengasjementet hans. Vi føreset likevel at bedrifta sine tilsettingsprosessar følgjer dei vanlege spelereglane i arbeidslivet, og at det er bedrifta sitt behov for kompetanse og ressursar som vert lagt til grunn. Vi føreset også at tillitsvald-apparat har ei rolle i tilsettingsprosessane.*

Generelt gjeld at:

- *Ein lærling er arbeidstakar i lærebedrifta med dei rettar og plikter som dette medfører for arbeidstakarar. Skilnaden er at lærlingen er tilsett i bedrifta i ein avgrensa periode; læretida. I denne tida skal lærlingen ha opplæring, kombinert med verdiskaping.*
- *Alle lærlingar skal ha både ein arbeidsavtale og ein lærekontrakt, begge for læretida. Arbeidsavtalen seier noko om arbeidstid, løn og andre vilkår i*

bedrifta. Lærekontrakten regulerer læretilhøvet, med fag, tidsrom, fagleg leiar mm.

- *Skal lærlingen fortsette i bedrifta etter læretida må det gjerast ein ny avtale på dette, og det må settast opp ein ny arbeidsavtale for eit vanleg arbeidstilhøve.*
- *Fylkeskommunen føreset at lærebedrifter held seg til opplæringslova, arbeidsmiljølova, tariffavtalar og avtale- og lovverk elles som er aktuelt for bedrifta/bransjen*

SI 10/20 Spørsmål frå Kongsvik - H - Status sommerskole

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Svar på spørsmål frå representanten Kongsvik (H) om Sommarskolen

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse viser til spørsmål frå John Andre Kongsvik 06.05.2020: «I Oslo har byrådet nå avlyst sommerskolen for 20.000 barn. Dette vil gå hardt utover de sårbare barna spesielt.

Hva er status for sommerskolen i Bergen som VLFK har ansvaret for? Blir sommerskolen opprettholdt?»

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse har vurdert det slik at ein også i år kan avvikle sommarskule for elevar og lærlingar i tråd med dei retningslinjer som ligg føre i "Veileder om smittevern".

Tilbodet er planlagt gjennomført ved Amalie Skram vgs., Knarvik vgs., Stord vgs., og Åsane vgs., avdeling Fossane. For Bergen og Knarvik blir eksamen arrangert ved Amalie Skram vgs, medan Stord og Fossane gjennomfører eksamen som før i tråd med smittvernreglar for privatisteksamen. Det vil etter planen takast inn 50 elevar og lærlingar til matematikk med eksamen, og 20 elevar til norsk for minoritetsspråklege. Tilbodet om sommarskule er noko redusert samanlikna med i fjor. I Bergen vil det i år ikkje bli lagt til rette for tilbod om undervisning i matematikk for elevar i studiespesialisierende opplæring. Sjølve undervisninga vil bli gjennomført i grupper tilpassa gjeldande reglar.

Fylkeskommunen sin koordinator har jamleg kontakt med Raude Kross og med skulane. Alle skulane har stilt seg positive til at fylkeskommunen også i år vil halde oppe tilbodet.

Politiske saker

PS 19/20 Prinsipp for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for ny budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune:

1. Det vert lagt til grunn rammebudsjettering. Mål- og strategidokumentet vil definere prioriterte satsingsområde som grunnlag for budsjett- og økonomiplanarbeidet.
2. Tildelinga skal i hovudsak vere basert på tal klassar, og må ta omsyn til m.a. naudsynt breidde i tilbodet, halve klassar, leiingsressurs, andre stillingsressursar og variable driftskostnader ved høg oppfylling i klassar.
3. Ny budsjettmodell vert sett i verk frå 01.08.2021. Det må utarbeidast overgangsordningar for å tilpasse drifta fullt ut til ny modell frå 2022.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Gunnar Bakke, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

Følgende prinsipp blir lagt til grunn for de vidaregåande skolene i Vestland fylkeskommune:

1. Det blir lagt til grunn stykkprismodell pr elev. Det vil medføre at pengene følger eleven til den enkelte skole og at eleven fritt velger skole innanfor fylket.
2. Stykkprisen skal dekke kostander til undervisning, lærebøker, materiell og nødvendig utstyr.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og punkt 2 vart vedteke mot forslaget til Bakke, som fekk ei røyst (FrP) og falt. Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for ny budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune:

1. Det vert lagt til grunn rammebudsjettering. Mål- og strategidokumentet vil definere prioriterte satsingsområde som grunnlag for budsjett- og økonomiplanarbeidet.
2. Tildelinga skal i hovudsak vere basert på tal klassar, og må ta omsyn til m.a. naudsynt breidde i tilbodet, halve klassar, leiingsressurs, andre stillingsressursar og variable driftskostnader ved høg oppfylling i klassar.
3. Ny budsjettmodell vert sett i verk frå 01.08.2021. Det må utarbeidast overgangsordningar for å tilpasse drifta fullt ut til ny modell frå 2022.

PS 20/20 Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek «Lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune», datert 18.4.2020

Saksprotokoll 07.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Roger Pilskog, LO, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem av hovudutval for opplæring og kompetanse og medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda meiner at om inntaksområde skal vere modellen, må det etablerast fleire område enn to. Modell 2b ser ut til å vere den modellen som ivaretek flest omsyn og tener den vidaregåande opplæringa best i Vestland. Yrkesopplæringsnemnda meiner det er viktig at det vert opna for høve til å søkje på tvers av inntakregionane for mindre fag og for dei som er busett i randsonene mellom inntaksregionane.

Same kva modell som velgast, må modellen sikre at unge som er motivert for yrkesfaglege program, kan søka på den vidaregåande skulen der det aktuelle utdanningsprogrammet faktisk finst».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

Fylkestinget vedtek «Lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune», datert 18.4.2020

Yrkesopplæringsnemnda meiner at om inntaksområde skal vere modellen, må det etablerast fleire område enn to. Modell 2b ser ut til å vere den modellen som ivaretek flest omsyn og tener den vidaregåande opplæringa best i Vestland. Yrkesopplæringsnemnda meiner det er viktig at det vert opna for høve til å søkje på tvers av inntakregionane for mindre fag og for dei som er busett i randsonene mellom inntaksregionane.

Same kva modell som velgast, må modellen sikre at unge som er motivert for yrkesfaglege program, kan søka på den vidaregåande skulen der det aktuelle utdanningsprogrammet faktisk finst.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Gunnar Bakke, FrP, sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtar "Lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune med følgende endringer:

§2 Inntaksområde

1. alt. Vestland fylkeskommune vil føre vidare fritt skolevalg i for Vestland fylkeskommune.
2. a) stemmer imot
 - b) stemmer imot
3. alt. Søker står fritt til å søke i hele Vestland fylkeskommune
4. ok
5. ok
6. ok
7. ok

§5 Oppflytting Vg2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram ok

§7 Inntak til Idrettsfag ok.»

Rasmus L. Rasmussen, A, sette på vegner av A, SP, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

- «- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.
- Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.
- Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.
- Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.
- Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program.
- For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting.
- Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa. - - - Rådmannen bes spesielt sjå til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket.»

Karianne Torvanger, A, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Saksordførar skal følge saka vidare.»

Avrøysting

Bakke sitt forslag fekk ei røyst (FrP) og falt.

Forslag til innstilling fekk 4 røyster (H og FrP) og falt.

Forslaget frå Rasmussen fekk røystene til A, SV, SV, KrF, MDG og R og vart vedteke.

Torvanger sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.
- Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.
- Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.
- Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.
- Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program.
- For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting.
- Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa. - - - Rådmannen bes spesielt sjå til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket.»

Saksordførar skal følge saka vidare.

PS 21/20 Organisering av fagskulane

Forslag til innstilling

1. Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane blir ei eining frå 01.06.2021.
2. Prosjektnamnet Fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre for den samla fagskulen 29.09. 2020.

Saksprotokoll 07.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Roger Pilskog, LO, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse og medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda støttar innstillinga, men ber om at fagskulestyra si vurdering og ønske om oppstart i 2022 blir etterkomen».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane blir ei eining frå 01.06.2021.
2. Prosjektnamnet Fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre for den samla fagskulen 29.09. 2020.
4. Yrkesopplæringsnemnda støttar innstillinga, men ber om at fagskulestyra si vurdering og ønske om oppstart i 2022 blir etterkomen.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Sigurd Reksnes, SP, sette på vegner av SP, A, KrF, SV og MDG fram slikt forslag:

- «1. Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane blir ei eining frå 01.01.2022.
2. Prosjektnamnet fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre og vedtek mandat for samanslåinga til fagskulen i Vestland 29.09.2020.»

Gunnar Bakke, FrP, sette fram slikt forslag:

- «1. alt. Fagskulen i Hordaland og Sogn og Fjordane blir ei eining fra 01.01.22
- Spørsmål om ekstra midlar til fagskulane gjennom RNB.»

Avrøysting

Gunnar Bakke sitt forslag fekk ei røyst (FrP) og falt.
Forslaget frå Reksnes vart samrøystes vedteke mot innstillinga.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fagskulen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane blir ei eining frå 01.01.2022.
2. Prosjektnamnet fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre og vedtek mandat for samanslåinga til fagskulen i Vestland 29.09.2020.

PS 22/20 Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1.Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
- 2.Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
- 3.FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
- 4.Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
- 5.Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

PS 23/20 Plaststrategi for Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune.

2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SP, SV og Krf fram slikt tilleggsforslag:

«Vi har desse tilleggsforslaga til punktlista:

- Arbeide for eit normkritisk syn på utbreidt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring
- At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Tomren vart vedteke mot ei røyst frå FNB.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune.
2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.
3. Arbeide for eit normkritisk syn på utbreidt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring .
4. At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien.

PS 24/20 Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke

Forslag til innstilling

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk.
2. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vedtak

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt tilleggsforslag til nytt punkt 2 og punkt 3, og siste del av punkt 1 (uthevet):

1. «For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk, integrerings-/inkluderingspolitikk og klima-, miljø- og ressurspolitikk.
2. Vestland fylkeskommune skal utvikle ein aktiv regional kompetansepolitikk for heile fylket. Avdeling for opplæring og kompetanse har den koordinerande rolla.
3. Arbeidet med med regional kompetansepolitikk må samordnast med arbeidet som er i gang med eit mål- og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.
4. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
5. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
6. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.»

Avrøysting

Innstillinga med dei to nye punkt 2 og punkt 3, samt siste del av punkt 1, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk, integrerings-/inkluderingspolitikk og klima-, miljø- og ressurspolitikk.
2. Vestland fylkeskommune skal utvikle ein aktiv regional kompetansepolitikk for heile fylket. Avdeling for opplæring og kompetanse har den koordinerande rolla.
3. Arbeidet med med regional kompetansepolitikk må samordnast med arbeidet som er i gang med eit mål- og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.
4. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
5. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
6. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

PS 25/20 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - mandat og oppstart av planarbeid

Forslag til innstilling

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
 - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule

- b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
 - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
 - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
 4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
 5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast,

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Kristina Vakt skjold Hamre, KrF, sette på vegner av KrF, A, SP, SV og MDG fram slikt tilleggforslag:

«Nytt punkt 6:

I det vidare arbeidet med planen ber OPPKO rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet jfr RS 14/20.

Nytt punkt 7:

Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåandeopplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggforslag:

«Tillegg til punkt 4.

Arbeidet med utvikling av skulebiblioteka, må vurderast som eit områdeløft i samarbeid med kommunane. I områder der fylkeskommunen har skuledrift og som statistisk scorar lågt på levekårsundersøkinga er dette spesielt viktig å sjå på mogeligheiter for at skulebiblioteka kan ha ein sosialt utjamnande rolle.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilleggforslaget frå Syversen fekk ei røyst (R) og falt.

Hamre sitt tilleggforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
 - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
 - b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
 - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
 - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i Avdeling kultur, idrett og inkludering og Avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast.

6. I det vidare arbeidet med planen ber OPPKO rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet jfr RS 14/20.
7. Arbeidet med med strategi for utvikling av skulebibliotek i videregåendeopplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål-og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.»

PS 26/20 Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer

Forslag til innstilling

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Nina Bognøy, A, ba om å få si habilitet vurdert i denne saka. Ho opplyste at ho i fylkestinget var vald som styremedlem i Opplæringsfartøy AS. Bognøy gjekk frå under behandlinga av habilitetsspørsmålet i utvalet. Hovudutvalet røysta over spørsmålet. Hovuduval for opplæring og kompetanse fann samrøystes at Bognøy var habil i denne saka.

Karianne Torvanger, A, sette på vegner av A, SP, Sv, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Innspel til investeringsplan

Hovudutval for opplæring og kompetanse har forståing for at det er naudsynt å skyve nokre prosjekt ut i tid for å halde lånegjelda innanfor vedteken gjeldsgrad.

Opplæringsfartøy:

Hovudutval for opplæring er uroa over at fylkesrådmannen avlyser konkurransen om nytt opplæringsfartøy. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreset at ein lyser ut nytt anbod for å realisere nytt opplæringsfartøy i samsvar tidlegare vedtak, og at prosjektet vert spelt inn som eit gryteklart prosjekt som motkonjunkturtiltak knytt til Koronapandemien.

Laksevåg/Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland.

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til tidlegare vedtak i PS 9 / 2019 og meiner vi må jobbe for at prosjektet skal realiserast i tråd med tidlegare vedtak.

Innspel til fordeling av driftsreduksjon

I framlegg til økonomiplan legg fylkesrådmannen opp til ei fordeling av budsjettreduksjon etter sektorstorleik, i tillegg til at sektoren sjølv må dekke eventuelle meirkostnadar frå inneverande år.

For inneverande budsjettår er det antyda meirkostnadar opp mot 40 -50 millionar kr , dette er i hovudsak knytt til meirforbruk på lærlingtilskot, vg3 i skule og ordninga fagbrev på jobb. Det har vore ei auke i tal på lærekontraktar som gjer til at vi har ei underbudsjettering på dette området.

Det har vore ei politisk målsetjing at fleire elevar skal velje yrkesfag og fullføre med fagbrev. Hovudutval for opplæring meiner difor at dette må sjåast på som eit positivt

overforbruk og at det er urimeleg at ei høgare måloppnåing på dette området skal gå utover andre områder og føre til auka innsparingskrav dei kommande åra.

Utvalet viser til at 80 prosent av budsjettet innanfor sektoren tilhøyrrer løyvningsnivået opplæring i skule, herunder klassesaka som kvart år fører til stort engasjement i alle delar av fylket. Det er viktig at rammene er store nok til å oppretthalde god bredde i tilbodet ,sikre god rekruttering til fag og yrkesopplæringa og at elevane får oppfylt retten til vidaregåande opplæring. Det må være eit mål at så mange elevar som mogleg får innfridd førstevalet sitt for å sikre god gjennomføring og at vi har ei opplæring med høg kvalitet.

Å kutta så drastisk på opplæringssektoren vil gå utover kvaliteten, noko som ikkje er berekraftig på sikt.

Hovudutval for opplæring viser til det pågåande arbeidet med mål og strategidokumentet:

Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom og vaksne både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod.

Arbeidet skal vere erfarings- og forskingsbasert, forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland. Mål og strategidokumentet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa.»

Forslaget vart trekt.

Karianne Torvanger, A, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag:

Torvanger sitt forslag vart vedteke mot røystene til FrP, H og FNB.

Vedtak

Saka vart vedteke utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

PS 27/20 Eventuell omprioritering av budsjetttramma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21.

Forslag til vedtak

Utvalet tek til etterretning at det ikkje er økonomisk handlingsrom i sektoren til å utvide klassetalet slik det vart skissert i sak PS 15/20 «Justering av opplæringstilbodet skuleåret 2020/21» punkt 2.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Sigurd Reksnes, SP, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag:

Saka vart samrøystes vedteke utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

Vedtak

Saka vart utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

